

FORTUM MARKETS AS
Postboks 124
1713 GRÅLUM

— **Tilsegn om tilskot til hurtigladeinfrastruktur 2017**

— Vi har vedlagt eit dokument frå Hordaland fylkeskommune.

— Hordaland fylkeskommune har starta eit prosjekt med å sende ut posten digitalt. Dette er i tråd med regjeringa sitt digitaliseringsprogram.

Posten vi sender til deg blir sendt til meldingsboksen din i Altinn, og etterkvart også til postkasse hos Digipost eller eBoks. Der blir du oppfordra til å oppdatere Kontaktregisteret, som er tilgjengeleg både på www.altinn.no og www.norge.no. Du vil då bli varsla via SMS og e-post om at du kan lese dokumentet i den valde postkassen eller i Altinn.

Verksemder/organisasjonar kan lese dokumentet elektronisk i «Min meldingsboks» på www.altinn.no via rolla «Kommunale tjenester». Eit varsel blir sendt til den registrerte e-postadressa di eller som SMS.

Dokument som ikkje er opna i Altinn innan 2 virkedagar etter at dei er tilgjengelege i meldingsboksen, blir skriva ut og sendt via Posten.

Digitalt førsteval er vegen til raskare, enklare og sikrere samhandling med Hordaland fylkeskommune!

Med helsing
Hordaland fylkeskommune



FORTUM MARKETS AS
Postboks 124
1713 GRÅLUM

Dato: 27.10.2017
Vår ref.: 2017/13527-5
Saksbehandlar: talhals
Dykkar ref.:

Tilsegn om tilskot til hurtigladeinfrastruktur 2017

Vi viser til søknaden dykkar dagsett 27.09.17 og takkar for dykkar interesse i å gjere infrastrukturtilbodet for elbilar i Hordaland endå betre.

Vi er glad for å melde at Hordaland fylkeskommune løyver

- kr 300 000 til 2 hurtigladestasjonar ved Øyrane Torg i Arna i Bergen kommune og
- kr 300 000 til 2 hurtigladestasjonar ved Tjeldstø i Øygarden kommune og
- kr 200 000 til 1 hurtigladestasjon ved Klokkarvik eller Skogsvåg i Sund kommune og
- kr 200 000 til 1 hurtigladestasjon i Fitjar sentrum i Fitjar kommune og
- kr 200 000 til 1 hurtigladestasjon i Sveio sentrum i Sveio kommune og
- kr 200 000 til 1 hurtigladestasjon i Mo sentrum i Modalen kommune
- kr 300 000 til 2 hurtigladestasjonar på Skulestadmo i Voss kommune
- kr 300 000 til 2 hurtigladestasjonar i Loddefjord i Bergen kommune

Tilskotet er ein del av fylkeskommunen si satsing på tilrettelegging for nullutsleppskøyretøy i Klimaplan for Hordaland.

Utbetaling føreset innsending av signert akseptskjema innan tre veker. Tilsegna gjeld til fristen for ferdigstilling går ut, 31.08.18.

1. Prosjektgrunnlag

Vegtrafikken stod for 16 % av utsleppa i Hordaland 2013. Bensin- og dieselforbrenninga vert ikkje dekt av det europeiske kvotesystemet og er eit av områda regionale mynde har høve til å påverke.

Elektrifiseringa av lette køyretøy er eit energieffektiviseringstiltak som samstundes gjer det mogleg å konvertere energikjelda frå fossil til fornybar. Der kor vi i mindre grad kan redusere transportbehovet eller endre transportmodus, særleg i distrikta, vil personbilen fortsatt vere viktig. Då er det avgjerande å fremje overgangen til lågutsleppskøyretøy som elbilar. Medan dei økonomiske rammevilkåra for elbilar vert fastsette sentralt, ønskjer fylkeskommunen å leggje til rette med ladeinfrastruktur i distrikta. Retningsliner for det ønska ladetilbodet i Hordaland finn ein i Regional plan for attraktive senter.

Målet for prosjektet er etableringa av eit offentleg tilgjengeleg hurtigladetilbod for gjengse ladbare køyretøy mot betaling.

Tilsegnsmottakar må så snart tilsegnsbrevet er motteke signere vedlagte akseptskjema og sende i retur til Hordaland fylkeskommune, seinast innan 3 veker.

AKSEPTSKJEMA for Klimaplanens handlingsprogram 2017

Prosjektnamn: Hurtigladeinfrastruktur i Hordaland 2017	Tilsegnsnr : 2017-13
Tilskot inntil kr: 2 000 000	
Tilskotet gjeld til : 31.08.2018	Vår ref. 2017/13527

Fyllast ut av tilsegnsmottakar:

Tilsegnsmottakar: Fortum Marvets AS
Postadresse: P.b. 124, 1713 Grålum
Kontaktperson: Ole Gudbrann Hempel
Telefon/telefaks: 40639943 E-postadresse: olegudbrann.hempel@fortum.com
Org. nr.: 981219082 Kto.nr.bank/post: _____

Vi stadfester med dette at vi har lese tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjekta vert gjennomført etter planen.

Signatur: Annikk Johnson Stad: Sarpsborg Dato: 7/11-2017
Prosjektansvarleg

Returadresse: hfk@hfk.no; Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Sundbø
Klima- og naturressurssjef

— *Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

—
—
—
—
—
Kopi til:
Anne-Grethe Stenhjem

2. Prosjektorganisering

Fylkeskommunen bidreg finansielt. Ansvar for gjennomføring, oppfølging/drift og oppfylging av utlysingskriteria ligg hos tilskotsmottakar.

3. Vilkår for tilskotet

Tilsegnsnsmottakar må signere vedlagt akseptskjema og sende til fylkeskommunen innan 3 veker.

Prosjekta må gjennomførast i samsvar med innsendt prosjektplan. Om dette kravet ikkje er oppfylt kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta, eller krevjast betalt tilbake.

Tilsegnsnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Profilering

I alle presentasjonar av og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsnsmottakar å informere tydeleg om at prosjekta er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.

Rapportering

Fylkeskommunen kan be om oppfølgingsrapport som omfattar:

- Brukstal for tilbodet
- Kunderrelevante høve som til dømes kvalitetssikring eller utviding av tilbodet

Utbetaling

Tilsegnsnsmottakar skal så snart prosjekta er avslutta sende sluttrapport og signert sluttrekneskapsskjema for prosjektet til fylkeskommunen (bruk eventuelt sluttrekneskapsskjema vedlagt). Dette gir grunnlag for utbetaling.

Revisor skal attestere sluttrekneskapen for tilsegn frå og med kr 100 000,-.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

4. Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklage vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjende med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

5. Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for dette prosjektet er Tale Halsør, e-post tale.halsor@hfk.no, telefon 922 066 75.

Fylkeskommunen ønskjer lykke til med gjennomføringa av prosjektet!